



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 38/2019

Møtedato: 20.11.19

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad Nøsen Yoga og Fjellhotell om oppføring av badstove ved Nøsen

Fjellstyret har fått sendt over fra Statskog søknad frå Nøsen Yoga og Fjellhotell om oppføring av badstove ved Storfjorden ned for hotellet. Plassering går fram av kart:



Søknad frå Nøsen Yoga og Fjellhotell datert 30.10.19:

Nøsen Yoga og Fjellhotell (Nøsen) søker herved om tillatelse til å oppføre et badstueaust ved Storfjorden ved angitte plassering i vedlagte kart.

Nøsen driver yogaundervisning og fjellhotell i Vestre Slidre. Virksomheten er helårs, og aktiviteten og antall besökende er markant stigende fra år til år. Svært mange av våre gjester benytter Storfjorden for bading hele året (også isbadning), og det er stadig spørsmål om hotellet har badstuefasiliteter, hvilket vi ikke har per dags dato. På denne bakgrunnen, er det mest hensiktsmessig å ha en badstue så nært fjorden som mulig. I vedlagte kart, ser dere at ønsket plassering er i tilknytning til to eksisterende naust. I tillegg er dette den mest naturlige og korteste adkomsten fra hotellet, og gjestenes fortrukne badeplass.

Hensikten er videre at badstuen skal være tilgjengelig for allmenheten mot leie, slik det også vil være for hotellets gjester. Booking av badstuen gjøres over hotellets nettsider, eller ved telefonhenvendelse til resepsjonen. Vårt ønske er at dette skal bli et samlingspunkt for mange mennesker i nærområdet, det være seg fastboende, hytteboere eller hotellgjester.

Dersom ytterligere opplysninger er ønskelig, er det bare å ta kontakt med undertegnede.

Statskog har bedt om har bedt om informasjon om storleik og har fått slik tilbakemelding:

Ettersom vi ikke har tegnet bygget, er det vanskelig å være eksakt. Det vil imidlertid ha et beskjedent fotavtrykk, ettersom tanken er en maksapasitet på 16 personer på 3 nivåer (6+6+4). Videre er planen at denne skal være vedfyrt, et lite felt med solceller på taket for innvendig belysning. Videre skal det være plass til et lite skiftermønster på utsiden i tillegg til ved.

Jeg vedlegger to bilder fra en badstue Oslo i en helt annen utforming, men med samme kapasitet hva angår antall personer. Som du ser, er fotavtrykket relativt begrenset.

Oppføring av badstove er eit grunndisponeringstiltak som Statskog kan gi løyve til jf. §12 i fjelldova; *Iverksetjing av grunndisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medfører vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Fjellstyret skal gi uttale til grunndisponeringstiltak før Statskog gir løyve.*

Badstova skal plasserast ved sidan av to naust og det er derfor ikkje nytt område som blir teke i bruk. Det er ikkje lagt ved teikningar eller informasjon om storleik. Uttale er derfor basert på at det blir ei utforming som er passar inn i lokal byggeskikk og at bygget ikkje er vesentleg større enn dei nausta som er på plassen. Ein kan ikkje sjå at tiltaket er til ulempe for dei omsyn fjellstyret skal gi uttale til etter §12. Det vil vera eit positivt tiltak for hotellet. Ved at det badstove skal vera open for andre, vil det også vera eit positivt tiltak for andre brukarar av statsallmenningen.

Nøsen Yoga og Fjellhotell har ein støypt innretning ved Haugvørpe som tidlegare vart brukt til leirduekasting. Denne er ikkje i bruk lengre og oppfyller heller ikkje krav til leirduebane. Installasjon bør fjernast før det ev. kan startast å bygge badstove.

Framlegg til uttale:

Fjellstyrt tilrår at Nøsen Yoga og Fjellhotell får løyve til å føre opp badstove slik som det er søkt om. Ein føreset att utforming av bygget passar inn i lokal byggeskikk og ikkje er vesentleg større enn dei nausta som er på plassen. Føresetnad for tilrådinga er at installasjon for leirduekasting blir fjerna og området blir rydda.

Uttale:

Fjellstyret utsett behandling av saka og ynskjer å sjå på tiltaket under befaring den 8.6.20.

Vedtaket er samrøystes.

Uttale frå fjellstyret til grunndisponeringstiltak etter §12 er ikkje enkeltvedtak jf. forvatningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.11.19

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Nøsen Yoga og Fjellhotell